

 <small>Haukeland universitetssjukehus</small>	<b>Analyseteam for Nasjonal bemanningsmodell i Helse Bergen - mandat og samansetjing</b>
Kategori: Ledelse og styringssystem - Råd og utvalg	Gyldig fra/til: 10.05.2024/10.05.2025
Organisasjon: Helse Bergen HF - Fellesdokumenter - Ledelse og styringssystem	Versjon: 1.01
Godkjenner: Marta Ebbing	Mandat
Dok. ansvarlig: Eline Vartdal Sætre	Dok.id: D72330

## 1 Bakgrunn

Nasjonal bemanningsmodell (NBM) er utvikla som eit strategisk verktøy for å framskrive behov for ulike typar helsepersonell i spesialisthelsetenesta, og er basert på tal frå Norsk pasientregister, SSB og lokale HR-data. Modellen nyttar utvikling i demografi og forventa behov for spesialisthelsetenester for ulike sjukdommar, til å framskrive kva kapasitet og kompetanse som må til for å dekke dette i ulike helseføretak og regionar.

Helse Bergen tok i bruk NBM i 2016, og har nytta den for å framskrive behov for ulike typar helsepersonell. FoU-avdelinga har vore ansvarleg for arbeidet med NBM i Helse Bergen.

Helse Vest RHF har utvikla ein metodikk for strategisk kompetanseplanlegging som skal nyttast i Helse Bergen. Ved analyse av ulike framtidsscenario kan modellen bli nytta til å evaluere nødvendige strategiar og tiltak for å støtte behov for kapasitet og kompetanse. På denne bakgrunnen vedtok stabsdirektørmøtet i Helse Bergen 09.12.2021 å styrke analyseteamet for NBM med ressursar frå fleire stabsavdelingar.

## 2 Mandat

Analyseteamet skal:

- Fortløpande vurdere kva helsepersonell ein skal framskrive for å sikre data i høve utdanningskapasitet, rekruttering og budsjett
- Gjennomføre framskrivingar av bemanningsbehov for ulike faggrupper i Helse Bergen
- Samarbeide med aktuelle klinikkar/fagpersonar i framskrivingane
- Koordinere arbeidet for betre samordning, både i Helse Bergen og overfor Helse Vest RHF, og delta i regionale prosessar
- Bidra til utvikling av metodikk ved bruk av NBM
- Bidra med data til rapportar, strategiske planar/dokument mv.

## 3 Samansetjing

Følgande einingar skal bidra i analyseteamet:

- FoU Kompetanseutvikling – 2 medlemmar
- FoU Helsetenesteutvikling – 1 medlem
- Økonomi & finans Seksjon for økonomistyring – 1 medlem
- Personal- og organisasjonsavdelinga – 1 medlem

I tillegg skal teamet ha eit medlem med ansvar og kompetanse som «modellkøyrar».

## 4 Gjennomføring

Teamet rapporterer til fagdirektør. Teamet organiserer seg sjølv med omsyn til arbeidsform, møtefrekvens og behov for støtte frå nivå 2-leiar.

## 5 Evaluering og korrigering

Arbeidet blir evaluert våren 2024, eventuelt med sak i stabsdirektørmøtet.